
Fra: Marte Hagen Eriksrud
Sendt: onsdag 19. august 2020 11.11
Til: Unn Edit Grambo Flattum
Emne: SV: SV: Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei,

Som omtalt i tidlegare e-post så har innspelet vert vurdert i arbeidet med kommuneplanen. Innspelet vart derimot ikkje tatt med vidare etter grovsiling av innspel, i møte i politisk styringsgruppemøte den 16. oktober 2018.

Arealføremålet er uendra i den nye kommuneplanen, og areala ligg som landbruk-, natur-, og friluftsområde (LNF). Dei kan difor ikkje nyttast til bustadføremål slik planstatus er no. Sal av eigedom kan gjerast, men føremålet er framleis det same. Det er altså eit skilje mellom eigedomsrett og planrett.

At ein eigedom på eit tidspunkt er delt til eit føremål betyr ikkje at arealføremålet til eigedomen er den same. Arealpolitikken og prioriteringane i lovverket endrar seg også over tid. Til dømes er strandsonevern og jordvern betydeleg innskjerpa i nyare lovverk. Som omtalt i tidlegare e-post har eigedomane vore regulert som landbruk-, natur og friluftsområde (LNF) frå den første kommuneplanen til Lindås (frå 1999).

Ynskjer grunneigar anna bruk/føremål med eigedomen må det skje gjennom ,innspel til og eventuell endring i kommuneplan, eller ved søknad om dispensasjon frå gjeldande plan.

Kommuneplan

Det er kommunen sin kommuneplan som til ei kvar tid bestemmer kva arealføremål ein eigedom skal ha. Kommuneplanen vert som regel revidert i 10 til 12 års periodar. Det er kommunestyret som vedtek kommuneplanen , og det er ikkje klagerett på slikt vedtak. I Alver kommune er det no Lindås, Meland og Radøy sine sist vedtekte kommuneplanar som gjeld. Alver kommune startar no ny revisjon og utarbeiding av ny kommuneplan. Arbeidet med arealdelen til kommuneplan for Alver startar opp hausten 2021. Planprosess, medverknad og handsaming av kommuneplan vert kunngjort i lokale media og via internett. Den enkelte grunneigar vert vanlegvis ikkje tilskrive i samband med kommuneplan.

Dispensasjon

Dispensasjonssøknad kan sendast inn kor tid som helst, sjå her for informasjon: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>. Søknad om dispensasjon er gebyrbelagt, og det er viktig å understreke at vurderingane i ein dispensasjonssak tar utgangspunkt i dei same vurderingane, som i ein kommuneplanprosess. Det er difor grunnlag for å informere om at administrasjonen sin vurdering av ein eventuell dispensasjonssak, truleg vil vere negativ. Dispensasjonssøknader kan derimot påklagast og vert i så tilfelle handsama politisk. Fylkesmannen i Vestland, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen er og døme på sentrale partar i slike dispensasjonsspørsmål.

Orientering om rettar for den som har levert innspel til kommuneplan

Eit innspel til kommuneplan er eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn.

Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Du får ikkje partsstatus som følgje av innspelet. Det har konsekvensar for korleis kommunen kommuniserar med deg og for kva rettar du har.

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.
- Du må sjølv følgje saka på kommune si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eiga vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumentene og sakspapira.
- Du har ikkje klagerett, korkje på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Når kommunestyret har godkjent planen er saka avlutta og innspelet ditt ferdig handsama.

Når det gjeld ditt spørsmål om skogen, så er eg usikker på kva du spør om. Ta sjølsagt gjerne kontakt igjen, om det er ytterlegare spørsmål.

Marte Hagen Eriksrud | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Unn Edit Grambo Flattum <unnflattum@hotmail.com>

Sendt: tirsdag 11. august 2020 20.58

Til: Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>

Emne: Re: SV: Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Hei!

Vi sendte innspill, men ble ikke så mye klokere av det. Kan boligtomten selges, eller er løpet kjørt?
Hva med skogen på nesten 10 mål?

Unn

Sent from myMail for iOS

Monday, 25 February 2019, 12:36 +0100 from Marte Hagen Eriksrud
<marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no>:

| Hei,

Ved høring av planforslaget vil det være mulig å sende inn innspill og kommentarer til planforslaget. Høring av planforslaget blir varslet i aviser og på nettsiden.

Når det gjelder planstatus for disse to tomtene så har de vært regulert som landbruk-, natur og friluftsområde (LNF) fra den første kommuneplanen til Lindås (fra 1999). Det er mange tomter, både bebygde og ubebygde, som ligger i LNF, som har vært fradelt ved skylddeling med bolig som formål. En slik skylddeling har derimot ikke noen automatisk konsekvens for det formålet tomtene har i kommuneplanen sin arealdel.

Alternativet man har om man ikke får endret formålet i kommuneplanen sin arealdel, er å søke om dispensasjon fra overordna plan. For mer informasjon om saksgangen for slike dispensasjonssaker, samt informasjon om gebyr m.m., får du ved å kontakte vår byggesaksavdeling. På denne lenken finner du kontaktinformasjon til byggesak sin e-post; <https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/kontakt-oss/> eller om du ønsker å snakke med noen så finner du info om byggesaksvakten her; <https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/>

Mvh

Marte Hagen Eriksrud | Arealplanleggjar

E-post: marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no | Telefon: 56 37 56 37
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Unn Edit Grambo Flattum <unnflattum@hotmail.com>
Sendt: torsdag 21. februar 2019 14.41
Til: Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no>
Emne: Re: Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Hei!

Vil det si at den opprinnelige tomte til bolig er umulig å få solgt som tomt fordi den er regulert som noe annet av kommunen uten at min bestefar eller vi har blitt informert? Hvor finner jeg skriv om dette for det har dere vel vil jeg tro.

Dvs at vi arvingene vil ha 2 tomter som vi på papiret eier, men verdiløs?

Kan man klage dette inn? Hvis ikke blir dette bare videre arv fra min bestefar til hans datter, videre til barnebarn, oldebarn osv.

Vennlig hilsen

Unn Flattum

Sent from myMail for iOS

Thursday, 21 February 2019, 14:36 +0100 from marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no
<marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no>:

Hei, viser til innspel til kommuneplanen sin arealdel, datert 6. september 2018.

Vi har gjennomført en grovsiling av alle innspill som er kommet inn. På våre nettsider ligger det nå ute litt informasjon: <https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/planar-under-arbeid/kommuneplanen-sin-arealdel/>. Under fanen «Handsaming av innspel til planarbeidet» ligger det link til den politiske møtekalenderen med underlag og referat fra møtene.

I protokollen fra møte i den politiske styringsgruppa 16. oktober 2018, ser du vurderingene og konklusjonen fra grovsilingen. Deres innspill ble ikke tatt med videre fra grovsilingen.

Vi jobber nå med å få ferdigstilt planforslaget, og det vil komme på høring før sommeren 2019. Det vil da være anledning til å gi innspill/kommentarer.

Hvis du har spørsmål, så ta gjerne kontakt med undertegna per e-post eller telefon.

Mvh

Marte Hagen Eriksrud | Arealplanleggjar

E-post: marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no | **Telefon:** 56 37 56 37

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE